

**Bøn.**

*Aa Jesus, hovding for den her,  
som slær det vonde ned,  
å lat meg sjå di høge ferd,  
å lat meg fylgja med!  
Du ser kor striden hjå meg brenn  
kvar einast dag og tid —  
kom løys meg, løys meg smått um  
senn,  
kom gjer meg sterk og fri!*

*Du ser kor vesal her eg gjeng  
i striden tung og hard;  
du ser då best, eg hjelpti treng,  
skal skjer eg ganga klar;  
du veit so vel dei mange fall,  
min båt kann støyta på!  
Aa sjå, eg gjev meg deg i vald!  
eg deg til ljós vil få.*

*Eg hev slik hug å fylgja deg,  
som gjeng i bårebrus  
på ville hav — so trygg ein veg —  
ei ansar stormvers sus.*

*Eg hev slik hug; men å eg rædd  
sig ned i myrke kav —  
det bylgjedrag å verta hædd —  
å Jesus ver min stav!*

*Aa rekk meg handi, Jesus min,  
eg stend på ville hav!  
Du ser, kor twilen på meg vinn,  
kor trui veiknar av!  
Aa rekk meg handi, Jesus min,  
eg ropar på ditt namn.  
Aa lyft meg i det skipet inn,  
som ber meg trygt i hamn!*

OLAV ØDEGAARD.

Berre denne Herrens bøn er nok til å syna usanningi i denne tankegangen.

So kjem bøner, som hev for auga den åndelege striden og dei vanskar, eit Guds barn hev å møta her i verdi.

Der er åndelege fiender, sterke hermakter som strid mot Gud, og som legg sine illråder mot Guds folk, freistar å fanga deim i sine garn.

Stundom kann det vera naudsynleg for Gud å setja sine på utsette og vande postar, der faren er større enn elles, og det kann liggja i hans

upsedarplan å brukha fiendene stundom til å prøva Guds born.

Og syndi hev fyllt verdi med so mangt og mykje vondt, som gjer livet vanskelegt å liva og fører med seg so mange pinor.

Mot alt dette vert det bede um hjelp og kraft.

Og det vert bede med den barnlege tru og visse, at Faderen, den mektige og allrådande, den rike og den høge, vil hjelpti borni sine.

Det er ei barnebøn, der barnet legg seg inn til faderbarmen og kjenner seg trygg og sæl og rik i hans umhugsame kjærleik.

Og det er ei bøn, som gjev Gud all æra. Det er ei tilbedande bøn. Ei lovongsbøn, som gjer Faderen i himmelen stor.

So skal me beda! Lat oss mæla bønene våre med denne bøni. So skal me sjå, kor fatige og trøng hjarta dei er.

Lat oss beda Gud um å gjera våre hjarto vide, so det kunde verta rom for Herrens bøneånd. Då vilde bønene våre kunne veksa upp til å nærma seg Herrens bøn i høgd og innhald. Det må me trå etter.

Gud hjelpe oss til det.

Johns. Barstad.

**Solmyrkret då Jesus døyde.**

Um dette solmyrkret lyder i gammal soge so:

Dionysius, ein lærð athenar, var med venen sin, Apollophanes reist til Ægypten for å auka kunskapane sine i stjernetyding. Nett som han i dette høvet uppheldt seg i Heliopolis, inntraff Jesu dødsdag og han gav gaum etter det overnaturlege solmyrkret. Han sa då til Apollophanes: «Anten lid gudomen illt, eller so er jordi nær sin undergang». Som me veit vart Jesus krossfest i den jødiske påske, altså då det var fullmåne, og det soleis ikkje kunde verta noko naturlegt solmyrker. Solmyrkret vart difor den stjernekunngle mannen ei ulyseleg gâte. Trellianus skriv, at det var det største

som nokorsinne hev hendt. Dagen vart innsveipt i natt, og stjernene vart synberre. Han fortel, at det i Nikea i Bisyrien ogso traff inn ein jordskjely, so mange hus fall saman. Denne Dionysius skal etter segni vera den same som domaren Dionysius, som vert umtala i ap.gj. 17, 34. Han hadde då vorte høg embetsmann i Athen, ein av rådsmednene på Areopagos. Då Paulus forkynnte evangeliet um den krossfeste og uppstadne Kristus Jesus, fekk Dionysius fyrst løysing på den leynde gata um solmyrkret.

**Bladmannaskulen**

gjiev upplæring i bladarbeid ved brevbyte. Plan fritt.

Bladstyrar HANS AARNES,  
Bygdøy, Oslo.

**Solglimit**

— månadsblad for Norsk vanføresak —  
kjem ut i Alvøy, pris kr.  
2,00 um året. Meldingar,  
utgreidingar um saki frå  
inn- og utland, forteljingar o. a. Styd vanføresaka  
ved å tinga bladet!

**FRAM**

14-dagleg tidsskrift, utgjeve  
av studentmållaga i Oslo,  
Nidaros og Aas.

Kostar berre kr. 1,50 kvartalet.  
Fritt og friskt.

**Bondeungdomslaget, Stavanger**

Matsstova, Øvre Holmegt. 20

Kaffistova, Torget 6

Kaffistova, Østervåg 25.

**GOD MAT OG GODT STELL.**

**Kaffistovone åt mållaget  
Haugesund.**

Telefongarden Torget og Haraldsgt. 126  
ved Landmannstorget.

**Framifrå stell.**

Beste og billegaste matstover i byen  
Husbunad i norsk stil.  
Stort bladhald.

STILLE STUNDER kjem ut i Volda kvar 14. dag og kostar med sendepengar kr. 3.00 for året. Tingarsamlarar fær for 5 løyste blad det 6te fritt. Kan tingast på alle poststadar i landet. Uppsegjingar av bladet må vera komne til sendestova innan utgangen av halvåret. Elles stend tingingi fast. Tilskrift til styret og sendestova er fru sokneprest Barstad, Volda



Nr. 6.

30. mars 1935.

47. årgangen.

**Ein god kristen.**

Tale ved bibelskulen på Fjellhaug  
av Ludvig Hope.

I.

Når eg skal prøva å segja nokre ord til dykk ungdomar som hev vore her og no skal fara her ifrå, vilde eg gjerne bera fram noko som kunde vera dykk til nytte.

Eg går ut frå at dei reiser heim att som truande kristne, dei fleste av dykk, med den faste yvertyding at de vil liva som kristne heilelivet.

Det er store ting som hev hendt når ein ungdom tek det stiget.

Det er stort for han sjølv.

Stort for heimbygdi.

Stort for landet.

Stort for Guds rike.

Men lat meg segja det — ikkje so det skal skräma nokon, men so de aldri skal verta sjølvtrygge: De vil mæta mangt som vil freista dykk til å slakka av, synda og snu ryggen til Gud. Mykje av det slaget vil de mæta, mykje som de idag aldri drøymer um.

Syndi, satan og verdi vil vera i hælen på dykk natt og dag.

Eg vil ikkje segja meir her um desse freistande makter. Men eg vil gjerne gjeva dykk eit godt ord med på vegen, eit ord um korleis de skal koma igjenom, med eit beraga liv og ei frelst sjel.

Tekst: Og skriv til engelen for kyrkjelyden i Filadelfia: Dette segjer den Heilage, den Sannordige, han som let upp, og ingen let att, og let att, og ingen let upp:

Eg veit um dine gjerningar. Sjå, eg hev sett framfor deg ei opna dør, og ingen kann lata henne att; for du hev liti kraft og hev likevel halde mitt ord og ikkje forneitta mitt namn.

Sjå, eg let nokre av Satans synagoga koma, som dei segjer dei er jødar og ikkje er det, men lyg; sjå, eg vil gjera so at dei skal koma og falda for fotene dine og kjenna at eg hev elsa deg.

Sidan du hev teke vare på mitt ord um tolmod, so vil eg og halde deg fri frå den freistings stund som skal koma yver all heimen til å freista deim som bur på jordi.

Eg kjem snart; haldt fast ved det du hev, so ingen skal ta kruna di!

Den som sigrar, honom vil eg gje ra til ein pilar i min Guds tempel, og han skal aldri meir gå ut der ifrå, og eg vil skriva på honom min Guds namn og namnet på min Guds by, det nye Jerusalem, det som kjem ned frå himmelen frå min Gud, og mitt namn det nye.

Opb. 3, 7—12.

II.

I ordet me las, står det noko som eg vil beda dykk taka med. Det står:

«Du hev likevel halde mitt ord og ikkje forneitta mitt namn.»

Halda Guds ord — kva vil det segja?

Fyrst vil det segja at me brukar Guds ord, les det.

Det er ei underleg makt i Guds ord. Og denne makti møter kvar ein som opnar bibelen og les ordet. Det er Gud som talar til oss.

Me vert so titt mana til å be, og det er rett nok. Me skal tala med Gud. Og Gud vere takk at me hev fått denne store retten.

Men Gud må ogso få tala med oss.

Må han ikkje det?

Kann me i lengdi greida oss med at me talar med han, og ikkje han med oss?

Eg trur det ikkje.

Fær ikkje Gud tala med oss, ja fær han ikkje fyrst og sist tala med oss, vil bønelivet vårt verta utvatna og mekanisk, utan evne til å bera oss uppe.

Lat oss aldri gløyma at det er i bibelen Gud talar til oss. Ord i bibelen er Guds ord til oss. Og når so du les i bibelen, so talar Gud, med deg.

Vil du prøva å minnast det?

Kanskje fyrr du veit av det hev ordi frå Gud gripe hjarta ditt. Og fyrr du veit av det hev du teke til å tala med han. Ord i bibelen, so talar Gud, med deg.

Ungdom: *Bruk Guds ord!*

Kva du elles må leggja til side, fordi du ikkje hev tid til det, legg aldri til side Guds ord.

Eg vil ikkje taka nokon lovnad av deg, at du skal lesa so og so mange vers og kap. um dagen eller vika. Slik høyrer ikkje saman med den evangeliske fridomen. Men du gjer klokt i å fylgja dette råd: *Bruk Guds ord!*

Les vers 10 i teksti.

Eingong skal ogso du med undring få sjå kor du vart boren yver

so mang ei freistung, fordi du tok vare på Guds ord.

Men det å halda Guds ord er noko meir enn berre å lesa det. Du må ogso *liva etter* ordet, innretta livet ditt etter det. Du må gjera det, elles hjelper det ikkje um du les aldri so mykje.

Det vil føra deg inn i mange stridar, mykje naud og kanskje ogso svidande skamkjensle. Det vil mangein gong驱va deg i kne og tvinga fram ei tåre.

Då fær du mykje bruk for eit rom der du kann vera áleine med Gud.

Men då skal du ogso på underleg vis få uppliva samfund med Gud. Då skal du få sjå at Guds kraft vert fullenda i vanmakt.

Lat aldri nokon ting i livet få deg til å smyga forbi Guds vilje i ordet. Lat andre segja at du er dum. Bry deg aldri um det. Det hev folk alltid sagt.

Den som liver etter Guds ord, hev Guds signing yver seg. Det er livsens største rikdom.

Lat meg her leggja til noko:

Um so gale hender — og det vil henda — at de ikkje alltid held dykk etter Guds ord, so må de ikkje misa modet for det. Lat aldri dei synner og feilstig de gjer, skräma dykk burt frå Gud.

Hev du gjort noko gale, hev du synda, so tilstår det. Legg aldri imot når Guds ånd tuktar deg, men lat Gud få rett. So tilgjev han deg.

Det er vondt at du bryt Guds bod. Men det er noko som er endå verre. Det er å kapsla syndi inne i eit vondt samvit og snu ryggen til Gud.

Det er verre!

For den ærlege skal det lukkast. Men for den uærlege må det gå gale — tilslutt.

Hev du bore deg dumt eller stygt åt, so tilstår det for Gud.

Hev du vorte likesæl for Guds rike, so seg det.

Hev du vorte verdsleg, stolt og stor i eigne tankar, so løynt det ikkje for Gud.

Han ventar ikkje at me skal vera fullkomne, her i verdi; difor gav han oss nåde. Men han ventar at me skal vera *ærlege*, og tilstår når me gjer noko gale.

—  
«Du hev halde mitt ord og *ikkje forneitta mitt namn*.»

Når de no kjem heim og skal taka fat på det vanlege kvardagslivet,

kvar på sin plass, so spyrst det um de maktar dette: ikkje å forneitta Jesu namn.

Korleis skal me då vitna um Jesus? spør de.

Fyrst og fremst skal de vitna med livet, med det de *er*. Ver soleis, prøv å liva soleis at dei andre ungdomane i bygdi eller byen lyt tilstår for seg sjølv: han (eller ho) er ein kristen.

Ver soleis i heimen din, at far og mor kann segja, når dei talår saman um deg: Kor glade me er fordi me sende barnet vårt til Fjellhaug.

Og so skal du heller ikkje vera so brennande rædd for å *segja* eit ord um Frelsaren din, når Gud opnar vegen for deg. Hugs på, det gjeng kanskje fleire enn du trur og ventar på eit ord frå deg nettupp um dette.

Det var ei ung, evnerik gjente i ei av bygdene våre som hadde vorte ein kristen. Fyrr hadde ho styrt heile ungdomsflokk i dalen. So sette ho seg ned og skrev til kvar ein av dei gamle venene og fortalte det som hadde hendt med henne. Og mange av dei svara: Me vil fylgja deg.

Kanskje de ogso kunde vera med å leida vene og kjenningar til Kristus.

### III.

So er det eit par påminningar, eg gjerne vilde de skulde taka med dykk — og aldri gløyma.

Den fyrste er denne: Når de no kjem heim att, må de *søkja selskap med dei kristne* på den staden der de bur.

Høyrer de det?

Kann henda dei fleste kristne på heimstaden din er gamle. Kanskje du synest dei er noko stive og tronsynte. Dei hev gått heime hjå seg sjølv all sin dag og streva og grunda, og synet hev teke form og farage av dalen og fjellet der dei bur.

Os kjem du heim frå skulen med mange nye tankar og med nytt syn på mange ting. Kanskje du på hjartebotnen ogso hyser ein duld tanke um at du er ikkje so lite klok no, mykje klokare enn dei gamle kristne der heime.

Du, høyr på meg litigrand:

Ver ikkje altfor sjølvklok. Smil ikkje til dei gamle, um du synest dei hev rare meininger um eit og anna. Prøv å forstå dei. Diskuter

ikkje so mykje med dei, lær av dei, hør Guds ord saman med dei og be saman med dei.

Sjølvsgatt meiner eg ikkje at du skal hava same meininger som dei gamle i eitt og alt og aldri ha lov til å hysa andre meininger enn dei.

Men eg segjer pånytt: Ver ikkje sjølvklok! Liv deg saman med kristenflokken på heimstaden din. Du vil læra mykje livsvisdom av dei gamle, um dei lite hev lese og sjeldan vore utum bygdegrensa. Og dei vil få nytt mod av deg. Gudsbarnet vil yngjast upp att når ungdomen kjem ilag med dei.

Ungdom: Reis ikkje heim att og laga til ein skule-kristendom for dykk sjølv. Det må de aldri gjera!

Den andre påminningi er denne: *Vert ein misjonsarbeidar*, kvar du kjem i verdi.

Gå inn i misjonsarbeidet med den faste fyresetnad at her vil de vera med, her i dette arbeidet vil de hjelpe til so godt de kann, arbeida, tena og ofra.

Lat aldri det verta sagt um deg, at du ikkje arbeider for misjonen.

Høyrd de at eg sa ikkje Kinamisjonen. Eg sa *misionen*. Heidningsmisjonen.

Misionen er det største og sterkeste uttrykk for Jesu Kristi internasjonalisme, den som hev til program å draga *alle* inn under Kristi kongsvelde.

### IV.

«Den som sigrar, han vil eg gjeira til ein pilar i min Guds tempel».

Ein pilar pryder eit hus, men framfor alt er han ei berande kraft.

Han held huset uppe.

Du kristne ungdom skal verta brukt til å føra andre til Gud, til å halda arbeidet for Guds rike uppe og bera det ut i folket.

Du skal ogso pryda den venekrinse du er med i, og det arbeidet Gud gav deg.

Soleis skal ogso Frelsaren skriva på deg kvar du høyrer heime og kven som eig deg (vers 12).

Gud gjev dykk, ungdomar å finna denne vegen, elskar han og gå han.

Då skal de alltid ha fyre dykk ei opna dør, som ingen kann stengja att.

Fyrst ei opna dør inn til samfunnet med Gud.

So ei opna dør ut i verdi til å gjeira noko for Guds rike.

Og til slutt ei opna dør inn til det øevelege liv.

*Da al trængsel er til ende,  
da skal sorg ei trykke mer,  
da skal hat og spott få ende,  
vendes om til fryd og fred.  
Ja, en salighet til bytte  
for en trængselsbane her.*

*Kjære sjøl, vær tro i striden,  
snart — ja, snart vi hjemme er.*

## På fedratufta.

Av Aasmund Lauvdal.

I frisk og solklår vinterluft gjekk eg sagte og tankefull i den tette furumo. Hug og hjarta rørdest av minne. — Du fagre minne! Men det som var, er ikkje meir. — Mi sjel ver stille — bi på Herren!

Utan furumoen kjem eg fram på elvebakken og ser utsyver ei heil gränd. I den gränd hev mange av mine fedrar ligt sitt jordeliv. — Sjå der er den stova der mor er fødd! — Sjå der, det gamle trauste stabbur! — Sjå på tunet der mor sprang og leika seg som barn. Eg synest å sjå deg, mor! — No er din barndom og ungdom burte. — Soli dalar mot kveld. Gud signe deg mi mor!

Her i denne same heim hev bestemor gjenge ut og inn so mangein dag, med stor husmoderleg truskap. Men større enn det var hennar liv med Jesus. Det liv nærde ho ved å granska i den gamle boki, Johan Arndts «Sande kristendom». No er ho, mi gode bestemor, komi der, som ho ikkje treng å tru — men ser.

Mor og bestemor hev fortalt um oldefar, som på haugianarvis trudde, las og bad for sitt folk, både i heim og bygd.

Åja — kor sant — guds frykt er nytteleg både for dette liv og det som koma skal.

Gudsfryktige fedrar er ein stor ytre liv utan uppreising og liv i Jesus. Farisaæren stend på tidi sitt torg og falbyd moralen si kåpe. Er det nok for oss? Nei! *Kristi blods heilage skrud — det er nok.*

No hev oldefar teke imot den uforgjengelege arven i himlen. Men såden han sådde på jord skal veksast til seine ætter.

Gud skal hava æra!

Dei heimkomne vinkar til oss som lever: *Kom etter!*

## Jesus.

*Min Jesus hjelpt meg til å kvila på dyre soningsgrunnen din,  
der fram ho velder livsens ila  
med lækjedom for sjel og sinn,  
med livsens kraft i liv og død  
med hjartefred og andens glød.*

*Og lat meg alltid deg få skoda som frelsar min frå Satans makt,  
då du ved pinsla, død, uppstoda  
meg kjøpte til di sæle pakt  
og gav meg rett og barnekår  
med Gud til himlens jubelår.*

*So leid meg du på livsensferdi,  
at eg kann koma heim tilslutt,  
og frels meg frå den lærde verdi,  
som andre vegar tenkjer ut;  
for berre dei, som sannar deg,  
er på den rette himmelveg.*

R. O. STRØMME.

«Ak, mon min vei til Kana'en  
er endnu meget lang?

Skal jeg da nå det glade land,  
som snubler gang på gang?

Hvor det blir godt at lande  
ved himlens stille kyst;  
og ei med tårer blande  
sin sang ved Jesu bryst.»

Lat oss ikkje forfedrane gløyma! Framum alt dei gudelege fedrar. Dei gav oss ein arv. Ein arv til å gøyma. Det er ikkje fyrst og fremst denne jordiske og forgjengelege arv me skal gøyma. (Det er der mange nok som skrik opp um). Men der er arven med dei åndelege og evige verdiar som fedrane ved Guds nåde gav oss.

Dei livde i ei opni vedkjenning av synd som synd. Men på den andre siden hadde dei i den krossfeste Jesus si fulle trøyst.

No trugar oss ein stor fære. Fint ytre liv utan uppreising og liv i Jesus. Farisaæren stend på tidi sitt torg og falbyd moralen si kåpe. Er det nok for oss? Nei! *Kristi blods heilage skrud — det er nok.*

Lat oss som syndarar samlast ved Jesu Kristi kross, ved hans blods kjelda. Der bergast og reinsast vårt dyre liv.

«Der er kraft i Jesu blod at rense hvit som sne». («Evangelisten»).

## Fadervår.

Bøni, som Herren lærde læresveine sine, hev vore kalla ei mynsterbøn. Og ho er det.

Der er eit einfelde og ei høgd, som vel aldri nokor bøn hev havt det so.

Ho er stutt og endefram, so eit barn lett kann læra henne, men samstundes femner ho ovvidt, tek med både himmel og jord og tek sikte på dei største ting. Ja, du kann vandt finna noko av verd, som er attgløymt.

Ho gjeng med få ord endeframt på saki, nemner tingene utan umsveip med sitt rette namn. Det er ikkje mangmæle og talemåtar. Berre ord som strøymer ut or hjartebron.

Det er ikkje einskildmenneskja, som berre tenkjer på sitt og bed um stetting av sine torver. Det er det vide hjartelaget, som tenkjer på andre, på samfundet, på sine brører, som hev ordet. Det er ei kjærleikens bøn.

Og ho tek fyrst sikte på det som høyrer Gud og riket hans til. Ho verdset det øevelege og det timelege på rette måten i samhøve med Herrens ord: Søk fyrst Guds rike og hans rettferd, so skal alle desse andre ting verta dykk gjevne.

Guds namn, Guds rike, Guds vilje, d. v. s.: Gud sjølv, det riket han råder i og den viljen, som er lovi i dette riket — ligg fremst i denne bøni.

So kjem dei ting, som me treng under dette jordiske tilværet.

Her kjem uppheldet av det timelege livet; for det er vilkåret for, at eg kann njota det andre. Når livet er burte, er tilgjenge til alle andre ting stengde.

Herren var ikkje yverandeleg, som sume kristne hev vore og er, so dei heilt vanaktar dei ting, som høyrer jordlivet til eller i det minste held deim for noko ringt, som eit åndelegt menneske må hava minst mogeleg med å gjera.

Han såg verdet i det timelege, men vilde at det skulde vigslast og helgast av det åndelege og evige.

So kjem bøni um forlating for syndene, det, som held uppe det åndelege livet i Gud.

Herrens bøn er langt frå den tankegangen, at eit Guds barn ikkje skulde trengja dagleg syndsforskrift, som sume lærer i våre dagar.